

Oppfølging evaluering samhandlingsavtale - tilråding vidare prosess

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
2017/17	Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal	18. mai 2017

Saksbehandlar: Siv Iren Stormo Andersson

Arkivreferanse: 2017/2361

Forslag til vedtak:

1. Overordna samhandlingsutval sluttar opp om arbeidsutvalet si tilråding om å arrangere felles dagseminar for evaluering og identifisering av utviklingstiltak for Samhandlingsavtalen.
2. Overordna samhandlingsutval ber om at arbeidsutvalet legg fram avgjerslegrunnlag i møtet 22. november 2017 med tilråding om korleis Samhandlingsavtalen bør utviklast og forslag til arbeidsprosess for revidering.
3. Overordna samhandlingsutval støttar arbeidsutvalet si vurdering om å sikre koordinering og integrasjon av utviklingsplanarbeidet og neste revisjon av Samhandlingsavtalen.

Anders Riise
leiar

Saksutgreiing:

Innleiing

Sak om status, evaluering og utvikling av Samhandlingsavtalen som rammeverk for samhandling vart behandla av Overordna samhandlingsutval i Møte 7. februar 2017 (Sak 06/2017). Bakgrunn for saka var knytt til forpliktinga til partane om å sikre at avtalen til ein kvar tid er i samsvar med gjeldande praksis.

«Partene forplikter seg til å revidere avtalen slik at den til enhver tid er i samsvar med gjeldende rettspraksis, lover og forskrifter. Partene plikter også å revidere avtalen dersom andre vesentlige forutsetninger for avtalen endres, herunder etablering av nye behandlingstilbud som krever avklaring av oppgave- og ansvars-fordeling»
 (Samhandlingsavtale, 2015:punkt 10.

For å utvikle avtaleverket slik at Samhandlingsavtalen får nødvendig legitimitet og kan bidra til ei ønskja utvikling av helsetenestetilbodet i Møre og Romsdal, vart det vist til behov for nytenking rundt prosess, struktur og avtalen si form og innhald. Saka vart lagt fram med forslag om at det det førebuande utvalet for Overordna samhandlingsutval vart gjeve mandat til å planleggje prosess for evaluering og gjennomgang av avtaleverket.

Det vart gjort følgjande vedtak i møtet;

1. Overordna samhandlingsutval sluttar seg til status og evaluering av Samhandlingsavtalen mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF.
2. Overordna samhandlingsutval rår til at det blir starta eit arbeid med å planlegge ein prosess, der målet er å utvikle samhandlingsavtalen som verkty for samhandlingsarbeidet.
3. Overordna samhandlingsutval rår til at etablert arbeidsutval får i mandat å planlegge ein prosess som sikrar involvering på tvers av nivåa.
4. Overordna samhandlingsutval ber om at arbeidsutvalet legg fram forslag om korleis avtaleverket best kan utviklast i møte 18.mai 2017.

Tilråding

Arbeidsutvalet¹ gjennomførte eit fysisk møte 4. april i Vestnes. I tillegg til utvalet møtte samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm og samhandlingsrådgivar Lena Bjørge Waage.

Særskilt for delavtale 4 til Samhandlingsavtalen

På bakgrunn av nye føringar knytt til kommunalt øyeblinkleg hjelp døgntilbod innan rus- og psykisk helse, vart det oppretta ei arbeidsgruppe jamfør vedtak sak 2016/37 i Overordna samhandlingsutvalsmøte 22.11.16. Frist for justert tekst til delavtale 4 er satt til april 2017. Tilråding for ny delavtale 4 til Samhandlingsavtalen vert lagt fram i dagens møte 18. mai 2017.

¹ Arbeidsutvalet til Overordna samhandlingsutval er samansett av følgjande representantar; Rådmann Ørskog kommune Synnøve Vassstrand Synnes, Kommunalsjef Kristiansund kommune Siv Iren Stormo Andersson, Avdelingssjef Medisinsk avdeling Molde sjukehus Oddbjørn Tomren

Samhandlingsavtalen generelt

For evaluering av Samhandlingsavtalen vil arbeidsutvalet vise til behov for forenkling og samanstilling til færre delavtaler. Ein syner til St. Olav sin samarbeidsavtale² og det bør vurderast kor vidt ein kan nærme seg ein liknande avtale i Møre og Romsdal. Språklyd og val av terminologi har betydning knytt til kven som er målgruppa for Samhandlingsavtalen. Innhaldet må tilpassast slik at også fagmiljø på tvers av nivå opplever at innhaldet har verdi og relevans når forpliktingane skal omsettast i praksis pasientnært. Arbeidsutvalet vil derfor peike på behovet for å trekke inn fagpersonell i evaluering og justering av innhaldet i Samhandlingsavtalen.

Arbeidsutvalet tilrår ein evaluatingsprosess som legg til rette for brei deltaking frå både kommunane og helseføretaket. Det vert difor lagt opp til eit felles dagseminar/workshop med føremål om å evaluere avtalen og identifisere forbetingstiltak. Forbetringstiltaka som kjem fram under evalueringa, vert lagt fram for Overordna samhandlingsutval i møte 22. november 2017. Saka vil følgjast med ei tilråding om korleis Samhandlingsavtalen bør utviklast og arbeidsprosess for revidering.

Utviklingsplan HMR

Helse Møre og Romsdal HF har fått i mandat³ å utarbeide utviklingsplan for korleis helseføretaket vil utvikle verksemda si for å møte framtidige behov for spesialisthelsetenester. For å sikre koordinerte prosessar vurderer arbeidsutvalet det som særskilt viktig å sjå evaluering og revidering av Samhandlingsavtalen i samanheng med arbeidet knytt til utviklingsplanarbeidet.

Overordna samhandlingsutval vart orientert om mandatet for utviklingsplan i møte 22. november 2016 (Sak 2016/36). Formål med utviklingsplanarbeidet er å gi eit bilet av ei samla utviklingsretning for dei viktigaste innsatsfaktorane, der samhandling inngår som ein sentral drivar saman med blant anna kompetanse, teknologi, organisering og bygg. Hovudmålet er å støtte opp under overordna mål om god og framtdsretta pasientbehandling og god bruk av ressursar.

Dokumentet «Veileder for arbeidet med utviklingsplaner⁴» skal leggast til grunn og beskriv krav til prosess, involvering og risiko og mulighetsanalyser. Det skal leggjast til rette for medverknad av brukarar og tillitsvalte og utviklingsplanarbeidet skal skje i nært dialog med kommunane. Dette er i tråd med vedteken Samhandlingsavtale (2015:Punkt 5); Partene skal «...informere og involvere den andre parten i planprosesser og annet arbeid som har betydning for utformingen av helsetjenester for den annen part, blant annet organisering og endring av rutiner».

² St.Olavs Hospital.(2016): *Samarbeidsavtale og underliggende retningslinjer inngått mellom St.Olavs Hospital og kommunene i Sør-Trøndelag samt samarbeidende kommuner.* <https://ekstranett.helse-midt.no/stolav/samarbeidsutvalg/Presentasjoner/Samhandlingsavtale%20med%20underliggende%20retningslinjer%2008022016.pdf> lasta ned 10.05.17.

³ Helse Midt-Norge(2016): *Mandat for lokal utviklingsplan.* <https://helse-mr.no/seksjon/dokument/Documents/Utviklingsplan/Mandat%20for%20HMR%2017062016.pdf> lasta ned 10.05.17.

⁴ Helse Midt-Norge.(2016): *Veileder for arbeidet med utviklingsplaner.* <https://helse-mr.no/seksjon/dokument/Documents/Utviklingsplan/Veileder%20utviklingsplaner.pdf> lasta ned 10.05.17

Samhandlingsperspektivet inngår som eit av tre perspektiv i utviklingsplanarbeidet⁵, med bakgrunn i utviklingsområde som helseføretaket og kommunane i fellesskap skal satse på i planperioden. I dialogmøtet 7. april vart områda *Barn og unge, Styrking av akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus, Prioritere psykisk helsevern og rusbehandling og Nok helsepersonell med rett kompetanse* løfta fram som viktige satsingsområder. Utarbeiding av avgjerslegrunnlag med mål og tiltak for dei aktuelle områda vert lagt til tverrgåande arbeidsgrupper i ei tidsramme frå mai-september 2017. Arbeidet skal følgjast av ei formell høyring med frist for samla utviklingsplan til Helse Midt-Norge 1. mars 2018. I vidare arbeid vil det vere behov for ytterlegare konkretisering, der innhaldet vert integrert i neste revisjon av Samhandlingsavtalen.

⁵ Utviklingsplanarbeidet HMR delast inn i Samhandlingsperspektivet, føretaksperspektivet, klinikkperspektivet. <https://helse-mr.no/om-oss/utviklingsplan>